

Referat FAU møte 23.11.2022.

Tilstades: Sondre Aas Selle, Wenche Elin Midttun, Liv-Jorunn Bjordal, Ragnhild Vad, Hanne Margrethe Haugland

Meldt fråfall: Jan Robert Fylkesnes , Kristina Nicholls

Frå skulen: Rektor Kesia Tabitha Sowerby Palmer

Stad: Litlabø Skule

Referent: Wenche Elin Midttun

Dette er det 2. FAU møtet for skuleåret 2022/2023.

### 1.) Foreldreundersøkinga.

Denne vert gjennomført i veke 48-49. Info kjem i Visma 24.11. FAU oppmodar flest mogleg om å svare på denne. Foreldre får link via sms. Pizza tildelas klassen med høgast svarprosent.

Siste dag til å svara er 10.12.

### 2.) Satsningsområde.

FAU ynskjer å organisera eit foredrags-basert foreldremøte til våren, med fokus på tema “språkbruk”. Dette temaet er FAU/skulen sitt satsningsområde. Det vert sjekka opp i aktuelle foredragshaldarar, og vil bli arbeida aktivt med å få dette på plass.

### 2.3 og 2.4.) Hjartesone-skule/Trafikksikringsplan til Stord kommune.

Skulen er framleis Hjartesone-skule. Dette betyr at ingen bilar skal inn gjennom portane på skulen mellom kl 07.00 og 16.00 utan særskild tillatelse. Parkering er utanfor porten. Og droppsone er nede ved busstopp. Droppsone er ikkje meint til parkering, her er det viktig at bussen kjem fram.

Skulen arbeidar for trygg skuleveg. På 4. trinn har dei opplæring i sykling, Sykkels-Kids. Ungar som sykler uten hjelm, må gå av sykkelen. Sykkelen må stå igjen på skulen om dette gjentek seg.

Om 1.klassingar må ta buss frå Nysæter og derfor må krysse vegen om morgonen, får dei følgevakt 1. halvår.

Skulen følg asnbefalingane til Trygg Trafikk. Skulen skal bli Miljøfyrtårn-bedrift. Nasjonal målsetting er at 80% av elevane skal gå/sykle til skulen. Her har me fortsatt litt å gå på.

Skulen arrangerer refleksens dag, har uteskule for 1.-4- trinn med fokus på åtferd i trafikken. Dei informerer på foreldremøter, i skuleheftet og elevane. Foreldre må læra barna SIN skuleveg, skulen kjem med generell info. Er det vatn der barnet går, må barnet læra korleis det ferder trygt langs vatnet. Dette bør det være ekstre fokus på vinterhalvåret med tanke på fare for utrygg is.

Sykkelstativa er flytta bort langs gjerdet på skuleplassen. Her er målet at syklane skal få stå i fred. SMU har søkt om midler til å få tak over disse stativa.

Utrygg skuleveg: Det er utrygg skuleveg mellom Isdal og Vassenden. Her skal det kome sykkel- og gangveg, men det er uvisst når dette skjer. Elevar langs denne strekningen har rett på skuleskyss.

Skulen har høg prioritet når det gjeld sikringstiltak utanfor skulen. Dette gjeld fortau som går frå busstopp og bort mot bakken inn til skulen. Dette skal forlengas.

Leiinga ved skulen har ingen innverknad på dette.

## 2.5.) Belysning

Det er no på plass belysning på skulen morgen og ettermiddag/kveld for dei som skal leve på SFO eller ynskjer å nyutta skuleplassen til leik om ettermiddag.

## 2.6) Ymse

På forrige møte blei det sagt feil om representantar i SU/SMU

SU- representantar er Sondre Aas Selle og Kristina Nicholls. SMU- representantar er Sondre Aas Selle, Kristina Nicholls og Ragnhild Vad.

Skuleruta 2023/2024.

Denn er no på høyring for eventuelt uttale. FAU, SU og elevrådet kan kome med uttale. FAU-representantar deler skuleruta i sine klassar, så kan foreldre om ynskjeleg kome med tilbakemelding til dei. Frist er 2.januar.

Skulen har prøveprosjekt med WA-brille 6-7 trinn. Positive tilbakemeldingar.

3. og 4. trinn skal ha sparkesykkel-løype i gymsalen veke 49 og 50. Skulen presiserar at ingen treng kjøpe sparkesykkel, men dei som har kan ta med. Skulen disponerer syklar til dei som ikkje har med. Alle må ha med eigen hjelm.

Neste FAU-møte er 25.januar.